

Arkivnr: 2019/2767-2  
Saksbehandlar: Ronny Skaar og Marianne Ose Askvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		23.05.2019

**Fylkesordførarkjede til Vestland fylkeskommune****Samandrag**

Som ny fylkeskommune trer Vestland fylkeskommune i kraft frå 1.1.2020, og den nye fylkeskommunen skal ha eit nytt fylkesordførarkjede til fylkesordføraren.

Det er ei målsetjing at kjedet er klårt til konstitueringa av fylkestinget i Vestland i oktober 2019. Arbeidsprosessen fram til dette tidspunkt er skildra i saksframlegget.

Det er behov for ei prosjektgruppe som følgjer opp prosessen. Denne vil bestå av fem personar; to frå administrasjonen (ein frå HFK og ein frå SFFK), ein prosjektleiar og to folkevalde frå Fellesnemnda.

**Forslag til vedtak**

1. Fellesnemnda oppmener to – 2 – folkevalde til å delta i prosjektgruppa
2. Fellesnemnda slutter seg til prosessen om nytt fylkesordførarkjede til Vestland fylkeskommune, slik den er presentert i saksframlegget.

Rune Haugsdal  
Prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Prosjektleiar, 29.04.2019

Som ny fylkeskommune trer Vestland fylkeskommune i kraft frå 1.1.2020. Det nye Vestland fylkesting vil bli konstituert innan oktober 2019, og har vedtakskompetanse for saker med virkning frå 1.1.2020.

Den nye fylkeskommunen skal ha eit nytt fylkesordførarkjede til fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune. Det er ei målsetjing at kjedet er klårt til konstitueringa av nye Vestland fylkesting i oktober 2019. Vidare skal den nye fylkeskommunen ha nye møteklubber til leiarane av dei fem politiske utvala. Desse må vere på plass 1.1.2020.

### Framdriftsplan:

5.april:	3 medlemmer i prosjektgruppa, inkl. prosjektleiar, vart lagt fram. Framlegg budsjett
6.mai:	Invitasjon til prekvalifisering vert publisert. Frist for innsending er 3 veker.
23.mai:	2 medlemmer i prosjektgruppa vert oppnemnd i Fellesnemnda
Veke 22:	Fyrste møte for prosjektgruppa. Gjennomgang av søkjarar til prekvalifiseringa. Avklaring aktuelle motiv til kjede og møteklubber. Framlegg budsjett. Prosjektgruppa vel å invitere søkjarar til lukka konkurranse eller direkte oppdrag
August:	Design for det nye fylkesordførerkjedet og dei nye møteklubbene skal vere klart
August:	Prisførespurnad for å lage vinnarforslaget av fylkesordførarkjedet vert sendt til minimum tre gullsmedar.
11.10.19:	Frist for gjennomføring og levering
15.10.19:	Fylkesordførarkjedet vert brukt under Fylkestinget 15.-16.oktober
1.1.20	Møteklubbene er klår til bruk

### Førebuaende arbeid

1. Oppnemning av medlemmer i prosjektgruppa

Tre frå administrasjonen (HFK og SFFK), inkl prosjektleiar, og to folkevalde frå Fellesnemnda.

Administrasjonen:

- Ingebjørg Erikstad (SFFK)
- Ronny Skaar (HFK)

Politikarar:

- Vert oppnemnd i Fellesnemnda 23.mai

Prosjektleiar er Marianne Ose Askvik (HFK)

### 2. Budsjett

Konkurranse og gjennomføring: 200 000 kroner  
*Dette inkluderer honorar til kandidatane som deltek i lukka konkurranse eller direkte oppdrag, kostnader knytt til evt. marknadsføring og evt. honorar til jurymedlemmer*

Ferdigstilling hos gullsmed: 200 000 kroner  
*Kostnad inkl mva*

Møteklubber og uføresette kostnadar: 100 000 kroner

Prosessen er estimert til å ha ei samla kostnadsramme på inntil 500 000 kroner.

### 3. Aktuelle motiv

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har rikt utsmykka og symboltunge ordførarkjeder i dag. For arbeidet med ordførarkjede til Vestland fylkeskommune er det viktig å få fram kva ordførarkjede skal symbolisere for den nye fylkeskommunen og at det skal vere eit smykke som Vestland fylkeskommune kan vere stolt av.

Aktuelle motiv til fylkesordførarkjede i Vestland fylkeskommune:

- Vingen-feltet
- Bruteigsteinen
- Gulatingsseglet
- Olavsgildet
- Kristenretten (Moster)
- Magnus Lagabøte (landslov)
- Holmen (Håkonshallen)
- Fjordahest
- Oselvar
- Rosemåling
- Den Nationale Scene
- Bergen Museum
- Baroniet i Rosendal
- Fisk
- Lynghei (sauen)
- Oljeplattform / subsea
- Vatnkraft
- Vindkraft (mølle)
- Trolltunga
- Fjell
- Fjord (Nærøyfjorden og Geirangerfjorden)
- Stavkyrkje (Urnes, Borgund, Hopperstad)
- Bryggen
- St. Sunniva
- Hardingfele

Evt. anna.

Prosjektgruppa drøftar motivkrets og utdjupar nærare.

### **Prekvalifisering:**

Invitasjon til prekvalifisering vart i veke 19 utlyst for ope deltaking på nattsidene til Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, i tillegg til [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no). Tekst til denne invitasjonen er lagt ved denne saka. Norske Kunsthåndverkere (NK), VISP (produsenthenhet for visuell kunst), Hordaland kunstsenter (HKS) og design Region Bergen (DRB) vart informert per e-post om prekvalifiseringa for å vidareformidle informasjon til kunsthåndverkarar og designarar.

Innleveringsmaterialet kan bestå av grunngjeve interesse for oppgåva med referanse til tidlegare gjennomførde design / kunsthåndverkprosjekt, samt presentasjon av eiga kunstnarsskap.

Innsendingsfrist er satt til 30.mai. Målet med prekvalifiseringa er å finne kandidatar til lukka konkurranse eller direkte oppdrag.

### **Konkurranse og gjennomføring**

Val av utførande kunsthåndverkarar / designarar vert gjennomført gjennom ei prekvalifisering. Prosjektgruppa må avgjere om det skal vere lukka konkurranse eller direkte oppdrag. Vidare må prosjektgruppa vurdere kven som skal sitte i jury.

Invitasjon til lukka konkurranse eller direkte oppdrag vert gjort innan veke 23. Prosjektgruppa må gjennomføre konkurransen (lukka / direkte) og følgje opp arbeidet med juryen. Prosjektgruppa oppnemnar eller tek rolla som jury.

Hovudreglar for lukka konkurranse:

1. Vi skal ha eit nytt fylkesordførarkjede
2. Motiva i kjedet må vere samlande og representere den nye fylkeskommunen på ein god måte
3. Bruk få fargar.
4. Farge bør vere rein og klår, utan nyansar og sjatteringar
5. Motiva bør vere forenkla og utan for mykje detaljer
6. Framstill motivet i rein flateteikning, utan bruk av perspektiv og skuggelegging

Frå konkurransen vedtek juryen ein vinnar og eit vinnarforslag til ordførarkjedet. Design for det nye fylkesordførerkjedet skal vere klårt august 2019

### **Ferdigstilling**

Prisførespurnad for å lage vinnarforslaget vert sendt til minimum tre gullsmedar i august med frist for gjennomføring og levering til seinast 11.oktober 2019. Fylkesordførarkjede vert overrekt ny fylkesordførar under konstitueringa av nye Vestland fylkesting 15.-16.oktober.

### **Budsjett**

Det bør settast av ei ramme på kr 500.000 til tiltaket. Dette vil inkludera møteklubber.